

23/26 Utval for byutvikling 16.04.2026

26/26 Kommunestyret 07.05.2026

Kommunedelplan for avløp og vassmiljø

Framlegg til innstilling:

Kommunestyret vedtek å leggja kommunedelplan for avløp og vassmiljø for perioden 2026-2037 ut til offentleg ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova §11-4.

Stord Vatn og Avløp AS skal i den vidare prosessen leggja til rette for brei medverknad slik kommunedirektøren foreslår i saka.

Kommunestyret ber Stord Vatn og Avløp AS om å leggja fram ei sak om å pålegga tilknytning til kommunalt leidningsnett som viser kva for kostnadsnivå som skal leggjast til grunn og korleis eit slikt pålegg skal gjennomførast i praksis.

Tom Knudsen

Tilleggsframlegg frå H, FrP, Krf og V:

Det bes om en vurdering av hvordan de foreslåtte tiltakene påvirker kommunens samlede investeringsnivå og eventuelt prioriteringer innen øvrige tjenesteområder.

Roger Sæverud
Sagvåg

Tilleggsframlegg frå Ap:

Kommunestyret viser til dei svært store kostnadene med etablering av eit sentralisert sekundærreinsanlegg på Skjersholmane. Argumentasjonen for at ein gjekk vekk frå tidlegare planlagt desentralisert utbygging handlar om at krav om døgnkontinuerleg bemanning ved sekundærreinsing gjer det lite rasjonelt med fleire anlegg. Samtidig er det fleire døme frå dei siste åra på at kommunar har etablert sekundærreinsanlegg utan døgnkontinuerleg bemanning. For å vera sikre på at etablering av sentralisert anlegg er den mest kostnadseffektive løysinga, og dermed på at gebyra til innbyggjarane ikkje aukar meir enn strengt nødvendig, bed kommunestyret om at det vert gjort ei ny vurdering av planlagt løysing samanlikna med ein desentralisert modell med anten to, tre eller fire mindre anlegg på ulike stader i kommunen. Kommunestyret bed om at vurderinga vert gjort av ekstern konsulent som ikkje har vore involvert i prosjektet tidlegare, og at ein vurderer særskilt om ein ved bruk av ny teknologi kan unngå døgnkontinuerleg bemanning for å redusera driftskostnadene.

Røysting:

Tilleggsframlegget frå Sagvåg (Ap) fall med 2 røyster (Ap) mot 9 røyster. Framlegget frå kommunedirektøren med tilleggsframlegget frå H, Frp, Krf og V vart samrøystes tilrådd.

Instilling frå utval for byutvikling:

Kommunestyret vedtek å leggja kommunedelplan for avløp og vassmiljø for perioden 2026-2037 ut til offentleg ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova §11-4.

Stord Vatn og Avløp AS skal i den vidare prosessen leggja til rette for brei medverknad slik kommunedirektøren foreslår i saka.

Kommunestyret ber Stord Vatn og Avløp AS om å leggja fram ei sak om å pålegga tilknytning til kommunalt leidningsnett som viser kva for kostnadsnivå som skal leggjast til grunn og korleis eit slikt pålegg skal gjennomførast i praksis.

Det bes om en vurdering av hvordan de foreslåtte tiltakene påvirker kommunens samlede investeringsnivå og eventuelt prioriteringer innen øvrige tjenesteområder.

Røysting:

Innstilling frå utval for byutvikling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å leggja kommunedelplan for avløp og vassmiljø for perioden 2026-2037 ut til offentleg ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova §11-4.

Stord Vatn og Avløp AS skal i den vidare prosessen leggja til rette for brei medverknad slik kommunedirektøren foreslår i saka.

Kommunestyret ber Stord Vatn og Avløp AS om å leggja fram ei sak om å pålegga tilknytning til kommunalt leidningsnett som viser kva for kostnadsnivå som skal leggjast til grunn og korleis eit slikt pålegg skal gjennomførast i praksis.

Det bes om en vurdering av hvordan de foreslåtte tiltakene påvirker kommunens samlede investeringsnivå og eventuelt prioriteringer innen øvrige tjenesteområder.

Kommunedirektøren, 19.03.2026

Dokumentliste

S	06.02.2025		Planprogram for kommunedelplanane for vassforsyning og for avløp og vassmiljø i Stord kommune, framlegging for høyring
X	21.02.2025		Saksprotokoll frå KST 20.02.25 - Planprogram for kommunedelplanane for vassforsyning og for avløp og vassmiljø i Stord kommune, framlegging for høyring
S	16.06.2025		Planprogram kommunedelplan for vassforsyning og for avløp og vassmiljø i Stord kommune
I	04.06.2025	Stord vatn og avløp AS	Planprogram kommunedelplan
X	30.06.2025		Saksprotokoll frå BUT 26.06.25 - Planprogram kommunedelplan for vassforsyning og for avløp og vassmiljø i Stord kommune
S	31.03.2026		Kommunedelplan for avløp og vassmiljø
S	31.03.2026		Kommunedelplan for vassforsyning
X	04.12.2025		Møtereferat 1 KDP prosjektgruppe
X	04.12.2025		Møtereferat 2 KDP prosjektgruppe
X	04.12.2025		Møtereferat 3 KDP prosjektgruppe
U	16.02.2026	STORD VATN OG AVLØP AS	Kommunedelplan avløp og vassmiljø. Nokre avklarings spørsmål
I	27.02.2026	Stord vatn og avløp AS	Statusrapport frå Stord vatn og avløp AS om arbeid og framdrift for å innfri sekundærreinsekrevet - per 1.mars 2026
X	02.03.2026		Rapport til Statsforvaltaren om framdrift per oktober 2024

X	02.03.2026		Rapport til Statsforvaltaren framdrift per august 2024
X	02.03.2026		Rapport til Statsforvaltaren framdrift per mars 2025
X	02.03.2026		Rapport til Statsforvaltaren framdrift per mars 2026
X	02.03.2026		Møtereferat møte med Statsforvaltar
I	05.03.2026	Torstein Dalen	Kommunedelplaner for vatn og avløp - svar på spørsmål i brev datert 16. februar, sak 2025/699

Vedlegg

- 1 KDP-A01 Kommunedelplan for avløp og vassmiljø(1)
- 2 KDP-A02 Tiltak avløp
- 3 KDP-A04 Dimensjonerande avløpsmengder
- 4 2026-01-07_Møtereferat styret i SVA
- 5 FOR-M-90-01 Illustrasjon prosesshall
- 6 FOR-001-05 Renseanlegg Fasader og snitt
- 7 FOR-001-01 Skjersholmane Landskapsplan
- 8 FOR-009 Vurdering av energinøytralitet
- 9 FOR-011 Ingeniørgeologisk premisskartlegging samt innledende geokjemiske undersøkelser
- 10 FOR-020 Alternativsvurderinger av plasseringer av renseanlegg
- 11 FOR-003 Luktspredningsanalyse
- 12 FOR-004 Dimensjonerende belastning
- 13 FOR-005 Resipientvurdering
- 14 FOR-007 Vurdering av renseprosess
- 15 FOR-008 Vurdering av utslippsarrangement
- 16 FOR-001-18 Skjersholmane RA illustrasjon 2
- 17 FOR-001-19 Skjersholmane RA Illustrasjon 3
- 18 FOR-013 Potensial for solcelleanlegg
- 19 FOR-001-17 Skjersholmane RA illustrasjon 1
- 20 FOR-001 Forprosjektrapport
- 21 KDP-A05 Tettbusetnad
- 22 Bakgrunnen for valg av ett sekundærrenseanlegg på Skjersholmane
- 23 X-RIM-01 Stord RA Miljøoppfølgingsprogram
- 24 Investeringsbudsjett - 2026-2033 - Revidert mar 26

Innleiing

I planperioden for gjeldande planstrategi er revisjon av Kommunedelplan (KDP) for avløp og vassmiljø ei prioritert planoppgåve. Oppstart av planarbeidet og offentleg ettersyn av planprogrammet vart vedteke av kommunestyret ps 2/25 20.02.25. Utval for byutvikling (BUT) vedtok planprogrammet i møte 26.06.25, ps 80/25. Ansvar for rulleringa er lagt til Stord Vatn og Avløp AS (SVA AS). Styret for SVA AS godkjente i styremøte 7.januar 2026 framlegg til revidert kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2026-2037.

Framlegg til plan vert lagt fram for BUT for innstilling til kommunestyret om å leggja planen ut til offentleg ettersyn.

Saksutgreiing

Då gjeldande KDP for avløp og vassmiljø er i ferd med å gå ut (2026) og EU har vedteke nye og strengare krav til avløpshandtering som er venta innført i Noreg, er det naudsynt å rullera KDP for avløp og vassmiljø.

KDP for avløp og vassmiljø er ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova §11-1, som skal handtera kommunen sine interesser, sektoransvar og mål knytt til avløp og vassmiljø. Mykje av tiltaka til VA- tenestene er styrt av lovverk og føringar frå Statsforvaltaren som er overordna mynde. Oversikt over lover og forskrifter er vist i planen. Planen erstattar kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2015-2026. I følgje plan- og bygningslova §11-2 skal kommunedelplanar for tema eller verksemdsområde ha ein

handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp dei neste fire åra eller meir. Handlingsdelen skal reviderast årleg som del av budsjetthandsaminga.

Kommunedelplanen er det overordna styringsverktøyet for forvaltning, drift, utbygging og vedlikehald av avløpssystemet. Dei vala som er gjort i planen set rammene for gebyrnivå, servicenivå og kapasitet. Planen gjeld for perioden 2026-2037, medan anlegga som vert bygde har ein tidshorisont på 100 år for leidningsanlegg, og 40 år på tekniske anlegg og bygningar.

Gjeldande KDP for avløp og vassmiljø har vedtak om å bygga tre primærreinseanlegg, lokalisert på Skjersholmane, Grunnavågen og Sævarhagen. Berre Skjersholmane er bygd, noko som betyr at det framleis er 13 ureinsa kommunale utslepp. Stord kommune er difor i brot med forureiningsregelverket og utsleppsløyvet frå Statsforvaltaren i dei områda der det ikkje er etablert primærreinsing. Kommunen er også i brot med avløpsdirektivet sine føresegner som er bindande for Noreg gjennom EØS-avtalen. Dette medfører forbod mot påkopling av nye avløp der det ikkje er godkjent primærreinsing, noko som mellom anna er utfordrande for nye byggeprosjekt.

[Nytt EU-direktiv](#) (desember 2024) inneheld krav til sekundærreinsing (fjerning av 70% av organisk stoff i avløpsvatnet) for tettstader som er større enn 1000 personekvivalentar. Frist for å få på plass sekundærreinsing for tettstadar som Stord er 2037. Avløpsdirektivet inneheld òg føresegner om fjerning av mikroforureiningar, energinøytralitet m.m. Energinøytralitet vil gjelde for anlegg større enn 10 000 pe (deriblant Stord kommune), medan fjerning av mikroforureiningar per i dag vil gjelde for anlegg større enn 150 000 pe. I følgje regjeringa.no (19.12.25) meiner Regjeringa at det reviderte avløpsdirektivet skal takast inn i EØS-avtalen og innførast i norsk rett. Regjeringa arbeider vidare med handlingsrommet i direktivet, særleg knytt til tidsfristar og til korleis Noreg brukar omgrepet tettstad og avgrensar verkeområdet for reglane. Når nytt regelverk er på plass vil miljødirektoratet komma med oversikt over kommunar som får nye krav og kva tidsfristar som vil gjelda.

På bakgrunn av varsel om nye EU-krav vedtok Kommunestyret 22. februar 2024 (Arkivref: 2023/8140 - 1744/2024) å starta opp planlegging av nytt sentralreinseanlegg for sekundærreinsing på Skjersholmane. Sekundærreinseanlegg er kostbare i utbygging og drift, og det vart i saka vedtatt å samla alt aktuelt avløp til eitt felles reinseanlegg for Stord kommune. Det medfører at avløp frå område i Stord kommune som er definerte som tettbygde etter forureiningsforskrifta, skal overførast til Skjersholmane. Framlegg til KDP for avløp og vassmiljø teiknar opp ei heilskapleg løysing for eit framtidig avløpssystem med sentralisert reinsing lokalisert på Skjersholmane. Anlegget skal oppfylla varsla framtidige reinsekrav, og vil erstatta planlagde primærreinseanlegg.

Statsforvaltaren støttar Stord kommune sine planar om å etablere felles sekundærreinsing for heile kommunen, men stiller krav om at skissert framdrift må haldast, og har varsla tvangsmulkt dersom dei ikkje har motteke dokumentasjon på søknad om utsleppsløyve og vedtatt reguleringsplan for nytt sekundærreinseanlegg innan 1. august 2026. Ei eventuell tvangsmulkt vil vera eit eingongsbeløp på 600 000 kroner.

Planprosess:

Stord vatn og avløp AS (SVA AS) vart stifta i 2025. SVA AS eig, driftar og held vedlike kommunale vass- og avløpsanlegg i Stord. Både vassforsyning og avløp blir planlagt og bygd ut av SVA AS.

Ansvarleg planmynde er Stord kommune. Styret i Stord Vatn og Avløp AS har vore styringsgruppe. Planen er utarbeidd av ei prosjektgruppe med følgjande deltakarar:

- Prosjektleder Arnstein Hetlesæter, Stord Vatn og Avløp AS
- Dagleg leiar Sverre Brufladt, Stord Vatn og Avløp AS
- Driftsleder Erik Kallestadbakken, Stord Vatn og Avløp AS
- Kommuneoverlege, Linda M Hammersland, Stord kommune
- Kommunalsjef for Byutvikling, Lovise Vestbøstad, Stord kommune
- Einingsleder for arealforvaltning, Elisabeth Gjerde, Stord kommune
- Samfunnsplanleggjar, Tove Vikanes Agdestein, Stord kommune
- Sekretær, Torstein Dalen, Magnus Reiakvam, Norconsult Norge AS

I rulleringsarbeidet er det utarbeida planprogram (felles planprogram med rulling av kommunedelplan for vassforsyning) som har vore på offentleg ettersyn. Vidare har prosjektgruppa hatt tre møter og styringsgruppa har hatt eitt møte. I tillegg har det vore møte med Mattilsynet, Statsforvaltar og einingsleiar Stord brann og redning. I løpet av høyringsperioden skal det gjennomførast eit folkemøte.

Parallelt med arbeidet med KDP Avløp og Vassmiljø er det og utarbeida kommunedelplan for vassforsyning. Planane har hatt felles planprogram, men er utarbeida som to separate planar og vert lagt fram i kvar si sak.


Vidare i planprosessen skal kommunedelplan for Avløp og Vassmiljø 2026 – 2037 sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i minimum seks veker. Eventuelle merknadar og høyringsinnspel blir så vurdert før planframlegget vert lagt fram for vedtak i styret i SVA AS og så sendt til kommunestyret for endeleg vedtak, truleg hausten 2026.

Om planen:

Kommunedelplan for avløp og vassmiljø (2026 - 2037) er ein overordna plan som syner korleis Stord kommune skal sikra berekraftig vassmiljø og infrastruktur for avløp tilpassa den forventa utviklinga i kommunen. Planen skal sikra at transport, reinsing og utslepp av avløpsvatn ikkje fører til helseskade eller forureining eller annan naturskade. Vassmiljø og infrastruktur for avløp skal oppfylla aktuelle krav i lover og forskrifter. EU sitt avløpsdirektiv er særskilt sentral for denne planen.

Arbeidet med rulling av planen har hatt fokus på mål og tiltak innan vasskvalitet i ferskvatn og sjø, oppsamling og transport av spillvatn, tilknytingsgrad, reinsing og utslepp, kjelder og innslepp på avløpsnettet, organisering av VA-tenesta samt mål for økonomi innan tenesteområdet.

Figur 1 syner bakgrunn og føremål for kommunedelplanen:



Figur 1. Kommunedelplan for avløp og vassmiljø. Bakgrunn og føremål.

Planen sitt hovudmål er at vassførekomstande skal ha god økologisk tilstand i tråd med vassforskrifta. Planen inneheld vidare ei rekkje delmål for å sikra eit berekraftig avløpssystem med høg kvalitet.

Det er lagt særleg vekt på to hovudsatsingsområde innan avløpstenesta:

1. Sekundærreinsing
2. Ny infrastruktur for å få avløp fram til nytt sekundærreinsanlegg på Skjersholmane

I tillegg til desse to hovudsatsingsområda, er det i planen sett fokus på rehabilitering av eksisterande dårleg VA-anlegg og tiltak for å fjerna overvatn frå avløpssystemet.

Det er tidlegare utført utgreiingar som inngår i grunnlaget for kommunedelplanen. Desse utgreiingane er gjort greie for i eit eige notat; *Bakgrunnen for valg av ett sekundærreinsanlegg på Skjersholmane*. Notatet er ikkje ein del av Kommunedelplan Avløp og vassmiljø, men vert lagt ved sakshandsaminga som bakgrunnsinformasjon.

I planarbeidet er det gjort ei rekkje større og mindre utgreiingar, mellom anna er avløpssonene definerte, dimensjonerande vassmengder er funne, og ein har valt ut dei mest høvelege leiingstraséane fram til Skjersholmane. Samfunnsmessige tema som er vurdert og lagt til grunn er folketalsutvikling, resipientar og vassmiljø, brukarinteresser i sjø (inkludert akvakultur), brukarinteresser i ferskvatn, reinsekav, og klima og klimaendringar.

Planen gjeld for perioden 2026-2037, medan anlegga som vert bygde har ein tidshorisont på 100 år for leiingssystem, og 40 år på tekniske anlegg og bygningar

Samordning mellom KDP for vassforsyning og KDP for avløp og vassmiljø er viktig. Hovudprioritert i KDP Vassforsyning er nytt reservevassanlegg og hovudprioritert i KDP Avløp og vassmiljø er nytt avløpsreinsanlegg. Det blir såleis færre fellesprosjekt mellom planane i denne planperioden enn i førre planperiode.

Økonomi:

Utbygging og drift må skje innanfor dei økonomiske rammene som vert vedteke for sektoren. Avløps-sektoren skal vera sjølvfinansierande. Det betyr at avløpsanlegga vert finansiert ved at innbyggjarane som er tilkopla kommunale avløp betalar eit årleg avløpsgebyr. Styret i Stord Vatn og Avløp AS utarbeider årleg eit budsjett. Budsjettet er grunnlag for avløpsgebyret.

Gebyrnivået vert fastsett av kommunestyret. Kommunestyret sitt vedtak av investeringsbudsjettet gir Stord Vatn og Avløp AS fullmakt til å gjennomføra dei prosjekta som er prioritert i budsjettet. I ny kommunedelplan for avløp og vassmiljø er investeringskostnadane for avløp i planperioden rekna til 2028 MNOK, med ein usikkerheit på +/- 40%. Totalt er det estimert ein gebyrauke på 137%, som gjev ein gjennomsnittleg årleg gebyrauke på 11,4 %. Dette tilsvarar auke i gebyret frå kr 9841 i 2026 til kr 23296 i 2037. Gebyrauken er størst i 2029 (22,1%) og 2028 (18,2%). Frå 2033 til 2037 er auken på mellom 0,9 og 2%.

Samla investeringskostnader for alle planlagde tiltak innan både vassforsyning og avløp for planperioden er 3702 MNOK +/- 40%.

Stord Vatn og Avløp AS har i mars 2026 utarbeidd revidert investeringsbudsjett for perioden 2026-2033 som avvik noko frå estimata i planen. Revidert budsjett er vedlegg til saka.

Prioriterte satsingsområde

1. Sekundærreinsing:

EU har vedteke eit revidert avløpsdirektiv. Avløpsdirektivet stiller strengare krav til reinsing av avløpsvatn enn det gjeldande regelverk i forureiningsforskrifta gjer. Det er signalisert at avløpsdirektivet truleg vert teken inn som norsk lov i løpet av 2026. Hovudkonsekvensen for Stord kommune er at ein må ha sekundærreinsing av avløpsvatn, og at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå dette kravet til berre å ha primærreinsing. Kravet om

sekundærreinsing vil truleg gjelda for tettstadar over 1000 personar. Nærast heile Stord kommune vert å rekna som ein stor tettstad, frå Fjellgardane/Kyvik i aust via Rommetveit/Hystad/Leirvik/Bjelland/Heiane og Sagvåg til Dyvik i vest. Då det berre er Skjersholmane avløpssone som stettar gjeldande reinsekra (primærreinsing), er resten av kommunen i brot med gjeldande regelverk og utsløppsløyve frå 2016.

I arbeidet med kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2026-2037 er det greidd ut og konkludert med plassering av nytt sekundærreinsanlegg på Skjersholmane. Som alternativ er det vurdert eitt reinseanlegg på Skjersholmane og eitt i Djupavikjo (kommunal tomt på 5 daa med påståande avløpsreinsanlegg for Leirviks-området, men der reinseprosessen langt frå stettar dagens reinsekra). Konklusjonen om plassering av eitt avløpsreinsanlegg på Skjersholmane er hovudsakleg tufta på:

- Tidlegare utgreiingar og konsekvensvurderingar for plassering av avløpsreinsanlegg i Stord kommune (utgreiingar frå 2012 og 2015). I 2015 vart mellom anna 12 ulike lokalitetar for plassering av avløpsreinsanlegg vurdert. Deriblant Skjersholmane.
- Lågare investeringskostnader: Eitt avløpsreinsanlegg er vurdert til å vera 68 mill. kroner rimelegare å byggja enn to (eit anlegg på Skjersholmane og eit anlegg i Djupavikjo). Det er rimelegare å pumpa avløpsvatnet frå Djupavikjo via sjøleidning til Skjersholmane enn å byggja to reinseanlegg.
- Lågare driftskostnader: Erfaringar frå tilsvarende anlegg, er at det trengst kring tre årsverk til å drifta anlegga. I tillegg kjem driftskostnad med vekktransportering av slam og andre driftskostnader (kjemikalie, straum, utbetringar og utskifting av utstyr med meir). Eitt anlegg er såleis rimelegare å drifta enn to.
- Kompetanse: Sekundærreinsanlegg har komplekse biologiske og kjemiske reinseprosessar som krev spisskompetanse innan prosessfaget. Slik kompetanse er det ikkje overskot av og vil vera meir kritisk å både rekruttera og behalda ved to anlegg kontra eitt.
- Tomt: Det er tilgjengeleg areal på Skjersholmane, sjølv om dette per i dag er regulert til båthotell, avløpsreinsanlegg og parkeringsplass. Ved Djupavikjo er det høgt konfliktnivå og minimalt med tilgjengeleg areal. Utarbeiding av eigen reguleringsplan for nytt avløpsreinsanlegg på Skjersholmane er i sluttfasen.
- Vegtilkomst: Frå sekundærreinsanlegget vert det transportert ut avløpsslam med lastebil 2-3 gonger i veka pluss påfyll av kjemikalie inn på anlegget med tankbil. Det fordrar at det er vesentleg med god tilførselsveg fram til anlegget. Til Skjersholmane er det god tilførselsveg (arm av E39), medan vegen fram til Djupavikjo er gjennom sentrumsgater og tett busetnad (dels fylkesveg, dels kommunal veg).
- Framtidige reinsekra: I framtida kan det komma utvida reinsekra, som tertsiærreinsing og kvartærreinsing samt fjerning av Nitrogen/Fosfor. Dersom slike kra kjem, er det meir overkommeleg å utvida eitt anlegg enn to. På Skjersholmane er det tilgjengeleg areal for utviding. På Djupavikjo er det per no ikkje tilgjengeleg areal for utviding.
- Lågt konfliktnivå: Skjersholmane har god avstand til bustadar, medan eit reinseanlegg på Djupavikjo vil vera svært tett på både eksisterande og framtidig busetnad/næring og anna sentrumsutvikling.

Parallelt med rulleringa av kommunedelplan for avløp og vassmiljø, er det gjennomført forprosjekt for nytt sekundærreinsanlegg på Skjersholmane samt det er starta arbeid med reguleringsplan for plassering av det nye reinseanlegget. Reguleringsplanen er i siste produksjonsfase, og er tenkt sendt på høyring våren 2026. Som del av forprosjekt og reguleringsplan for nytt sekundærreinsanlegg på Skjersholmane er det mellom anna også gjennomført utgreiingar om:

- Luktspreiingsanalyse. Det skal installerast luftfjerningsutstyr på reinseanlegget. Analysen syner at busetnad ikkje vert råka av lukt frå anlegget, basert på gjeldande rettleiarar og krav. Luktspreiingsanalysen gjev ikkje garanti om luktfritt reinseanlegg.
- Dimensjonerande belastning frå avløpsmengder som skal fram til reinseanlegget. Dimensjonerande mengde er 605 l/s inn på anlegget. Anlegget vert dimensjonert for 38.000 Pe.
- Resipientvurdering (kontrahering av entreprenør gjennomført, granskinga utførast i 2026)
- Massehandteringsrapport for Skjersholmane. Hovudmengda med massar er alt fjerna i samband med etablering av eksisterande parkeringsplass, primærreinseanlegg for avløp og tomt for båthotell.
- Vurdering av utsleppsleidningar, trasear, prinsipp og djupne. Reinsa avløpsvatn skal sleppast ut på kring 40 meters djupne sør for Skjersholmane.
- Vurdering av potensiale for solcellepanel. Med nytt avløpsdirektiv kjem også krav om energinøytralitet i avløpstenesta. Nytt sekundærreinseanlegg er planlagt med solceller.
- Forprosjekt: Det er laga eit detaljert og omfattande forprosjekt for nytt sekundærreinseanlegg på Skjersholmane. Dokumentet omtala mellom anna utforming av anlegget, prosessløyising, tekniske fag-avklaringar, kartlegging av miljø og naturmangfald, arkitektur, utforming av bygningsmasse og plan for VA-anlegg. I tillegg er handsaming av slam omtala. Avløpsslammet som vert reinsa ut av sekundærreinseanlegget skal køyrast til SIM IKS sitt komposteringsanlegg i Svartasmoget i Fitjar kommune. Per no er det for mykje usikkerheit kring alternativ slamhandtering (nytta biogassanlegg eller pyrolysis), at anna slamhandtering vert vurdert når teknologiutviklinga tilseier det. Anlegget på Skjersholmane vert tilrettelagt for å kunna handtera framtidig slamhandteringsteknologi.
- Langsiktig lokalisering av VA tenesta: Det skal i planperioden vurderast kvar VA tenesta skal lokalerast. Eit alternativ er å flytta heile VA-tenesta (alle tilsette samt utstyr og køyretøy) til reinseanleggstomta på Skjersholmane. Forprosjektet for Skjersholmane avløpsreinseanlegg saman med pågåande reguleringsplan for reinseanlegget, syner at det er råd å flytta heile VA-tenesta til reinseanleggstomta på Skjersholmane.
(Styret i SVA AS har 18.03.26 vedtatt å ikkje flytta VA-tenesta til Skjersholmane.)

Sekundærreinseanlegget på Skjersholmane er planlagt ferdig 31.12.2030.

2. Ny infrastruktur for å få avløp fram til nytt sekundærreinseanlegg på Skjersholmane

Stord kommune har i dag 13 ureinsa avløpsutslepp langs kystlina si. Alle desse er planlagt avskjerast og pumpast fram til nye Skjersholmane avløpsreinseanlegg. Løysinga medfører kring 25km med nye avløpsleidningar og etablering av kring 10 nye avløpspumpestasjonar. Infrastrukturen strekkjer seg frå Kyvik i aust til Dyvik i vest. Strekka er delt opp i delprosjekt og alle delprosjekta er alt starta (hovudsakleg planleggingsarbeidet/prosjektering). Nokre delstrek har felles grøfteføring med nye vassleidningar eller med rehabilitering av eksisterande vass- og avløpsanlegg. Planen er at alle delstrekka skal vera ferdig utbygd og kopla til sekundærreinseanlegget på Skjersholmane når det står ferdig desember 2030.

Vurdering

Ei trygt og effektivt avløpssystem er nødvendig for at samfunnet skal fungera godt. KDP for avløp og vassmiljø gir eit godt grunnlag for å etablera eit avløpssystem som oppfyller gjeldande og framtidige sentrale krav, og legg til rette for folketalsauke og berekraftig utvikling av næringslivet. Planen følgjer opp fleire av dei politiske måla i kommuneplanen, mellom anna mål om samfunnstryggleik, berekraft, næringsutvikling og befolkningsvekst.

Status i dag med at store deler av kommunen ikkje har godkjent primærreinsing blir vurdert til å ha relativt små konsekvensar for vassmiljøet i dei aktuelle resipientane. For samfunnsutviklinga er det stor konsekvens då forbod mot påkopling av nye avløp til ureinsa utslepp, og krav om å etablera eiga reinsing, i praksis fører til byggestans for fleire av utbyggingsområda. Stord har bustadmangel samtidig som byggenæringa slit, det hastar difor å få på plass godkjent reinsing.

Planen legg opp til at nytt sekundærreinsing- og overføringsanlegg som er i tråd med EU sitt direktiv skal stå ferdig i 2030. Gjeldande frist i direktivet er 01.01.37. Utifrå at kommunen i dag ikkje oppfyller krav til primærreinsing, har statsforvaltaren krevd at kommunen følgjer varsla framdriftsplan. Dette betyr ein intensiv prosess med lite handlingsrom for å skyva på tiltak som er knytt til reinseanlegget.

Kommunedelplan for avløp og vassmiljø er ikkje ein juridisk bindande arealplan, men legg likevel føringar for bruk av areal til nødvendig infrastruktur. I følgje plan- og bygningslova §4-2 skal kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging «gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkninger for miljø og samfunn». Kommunestyret ba i sak 2023/8140-1744/2024 den 22. februar 2024 om få ei eiga sak med «konsekvensutgreiing, økonomisk konsekvens og framdriftsplan for bygging av Skjersholmane sekundærreinsingseanlegg med tilhøyrande infrastruktur» Det vert i planen vist til at konsekvensutgreiing av Skjersholmane reinseanlegg er gjort i 2015 i samband med val av lokasjonen, og vist i dokumentet «bakgrunnen for val av ett sekundærreinsingseanlegg på Skjersholmane». Lokasjonen på Skjersholmane er også konsekvensutgreidd i samband med at arealet er lagt inn i pågåande arbeid med Kommuneplanens arealdel. Vidare blir nokre tema utgreidd i reguleringsplanen for Skjersholmane som er under utarbeiding. For tilhøyrande infrastruktur som pumpestasjonar og avløpsleidningar, er det ikkje gjort overordna konsekvensutgreiing. Miljømessige konsekvensar for dei ulike tiltaka blir greidd ut i eit miljøoppfølgingsprogram (MOP) knytt til forprosjektfasen.

Ein stor del av desse tiltaka er arealbruk som ikkje er i tråd med gjeldande arealplan. Tiltak som ikkje samsvarar med arealføremålet vil krevja ny regulering, eventuelt dispensasjon frå gjeldande plan. Tiltaka vil bli vurdert i høve til plan- og bygningslova §12-1 sitt krav om reguleringsplan for bygge- og anleggstiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Plankrav sikrar at omsyn til ulike interesser blir vurdert og legg til rette for brei medverknad.

Tradisjonelt har det ikkje vore vanleg praksis å regulera VA-infrastruktur som leidningstraséar og pumpestasjonar. I denne planen er infrastrukturen for ein stor del lagt i allereie utbygd areal (veg, skogsveg). Men den skisserte løysinga medfører også inngrep i friluftsområde og urørt natur. Tiltaka i planen, både sett under eitt og for einskilde tiltak, har vesentlege verknader for miljø og samfunn. Det er såleis grunnlag for krav om reguleringsplan for meir enn sjølve sekundærreinsingseanlegget.

Dispensasjon ei i plan- og bygningslova aldri meint å vere eit «hovudspor» for gjennomføring av tiltak slik kommunedelplanen no legg opp til. Dispensasjon frå gjeldande plan kan berre nyttast der omsynet bak arealføremålet ikkje blir vesentleg tilsidesett, og fordelane er klart større enn ulempene (pbl §19-2). Dispensasjonssøknadar har mindre krav til involvering og medverknad enn regulering. Vedtak om dispensasjon kan bli påklaga. Både krav om detaljregulering og påklaga dispensasjonsvedtak medfører risiko for forsinka framdrift med påfølgande konsekvensar som forlenging av byggestans og eventuelt krav om tvangsmulkt.

Slik kommunedirektøren ser det, ville ei samla regulering og konsekvensutgreiing av heile den nye avløpsløysinga gitt ei meir heilskapleg vurdering og betre lokal forankring, noko som ville redusert risikoen for konflikhtar og sikra ein ryddig og godt opplyst prosess. Som døme vert vist til ein liknande prosess i Grenlandsområdet: [Varsel om oppstart av detaljregulering for Grenland renseanlegg med transportsystem i Porsgrunn \(PlanID: 2025008\) - Porsgrunn kommune](#). Kommunedirektøren meiner slik prosess ville gitt mindre risiko i framdrifta.

Slik saka her hos oss står no, vil Stord kommune som plan- og bygningsmynde måtte vurdere kvart prosjekt for seg i høve om tiltaket i samsvar krev detaljregulering eller kan gjennomførast via dispensasjon. Tiltak som har vesentlege verknader for miljø og samfunn skal detaljregulerast. For resten av tiltaka vil kommunedirektøren tilrå at alle planfaglege tema og medverknad skal ivaretakast ved detaljplanlegging/prosjektering av traséane, om nødvendig ved utvida varsling og involvering.

Eitt av tiltaka som blir vurdert i planen er flytting av VA-tenesta frå Heiane til Skjersholmane. Saka vart i møte 18.03.26 lagt fram for styret til SVA som har vedtaksmynde. Styret vedtok at berre nødvendig driftspersonell skal ha arbeidsstad på Skjersholmane, resten av VA-etaten blir verande på Heiane. Estimert kostnadsreduksjon på 87000000 er innarbeidd i revidert investeringsbudsjett som ligg ved saka.

Kommunedelplan for avløp og vassmiljø er grundig på tekniske løysingar, reinsekrav, ROS og økonomi. Samtidig inneheld planen fleire grep som utfordrar ulike berekraftperspektiv og kommuneplanen sine mål. Dette gjeld mellom anna auken i gebyr i høve sosial berekraft og inkludering, og konsekvensar utbygging av infrastrukturen har for nærmiljø, natur, friluftsliv og klima.

Planen sine konsekvensar for gebyrsatsane er særskilt utfordrande. Planen legg opp til ei gebyrauke på 137%, med ein usikkerheit i kostnadsestimata på +/- 40%. Utbygginga kjem samtidig med planlagt bygging av ny reservevasskjelde for drikkevatt, noko som betyr at samla VA-gebyr i følgje estimatet aukar frå 18693,- i 2026 til 42208,- i 2037, ei auke på 126%. Både avløp og vassforsyning har sine største investeringar i perioden 2027-2030. Dei høge gebyra rammar innbyggjarane i ein periode med generell høg kostnadsvekst, og kan påverka sosial ulikskap og levekår.

Framdrifta av både reinseanlegg og reservevassløysing, som er dei klart mest kostnadsdrivande tiltaka, er styrt av fristar frå statlege mynde (statsforvaltar og mattilsynet), og skal vera ferdige i 2030. Andre tiltak er skuva mot slutten av planperioden, etter 2030. Tiltak på leidningsnett, som rehabilitering, renovering og nyanlegg, prioriterast ut i frå ein heilskapleg vurdering av risiko (sannsyn for brot, konsekvens ved brot), leidningstilstand og synergieffektar med andre prosjekt. I tillegg må dei ulike tiltaka vurderast med omsyn til kompleksitet og varigheit, slik at dei passar inn med andre pågåande prosjekt kva gjelder kapasitet i organisasjonen til å følgje dei opp.

Slik kommunedirektøren vurderer det, er utsetjing av eitt av dei to hovudprosjekta det beste alternativet for å kunna redusera gebyrpresset dei neste åra. For reinseanlegget vil utsett ferdigstilling medføra tvangsmulkt og forsterka utfordringane knytt til stans i bustadbygginga. Utsetjing av reservevassløysinga er utfordrande i høve beredskap, men eksisterande løysing som treng kokevarsel vil framleis vera eit alternativ. Kommunedirektøren meiner konsekvensane med å utsetja reservevassløysinga er mindre, og kommunen bør difor gå i dialog med Mattilsynet for å få utsett frist for reservevassprosjektet slik at gebyrbyrda blir betre fordelt. Revidert investeringsbudsjett som ligg ved saka tar høgd for to års utsetjing av bygging av reservevassanlegget (frå 2028-2030 til 2030-2032).

Plan- og bygningslova §27-1 og §27-2 gir kommunen heimel til å pålegga abonnentar å kopla seg på kommunalt leidningsnett. Statsforvaltaren har i sine merknader til planprogrammet peika på at kommunen bør nytta kommunedelplanarbeidet til å sikra ei politisk forankring av arbeidet med oppgradering av spreidde avløp. Innanfor tettbygd område er det mål om 100% tilknytning til kommunalt leidningsnett, i dag er tilknytingsgraden om lag 99 %. Auka tilknytningsgrad vil seia fleire abonnentar (fleire å dele utgiftene på) og færre spreidde utslepp. I planframlegget er det i kapittel 4.6 lagt opp til at

SVA i planperioden skal kartlegga abonnentar som ikkje er tilknytt kommunalt leidningsnett og vurdere om det er formålstenleg å kople dei på. Kommunedirektøren støttar at SVA greier ut dette i ei eiga politisk sak som vil visa kva for kostnadsnivå som skal leggjast til grunn og korleis eit slikt pålegg skal gjennomførast i praksis.

Konsekvensen av at store deler av kommunen er i brot med forureiningsforskrifta, er at ny utbygging i kommunen vert fordyrande ved at det må innstallerast eigne slamavskiljarar for tiltaka som så må fjernast att når det kommunale avløpsanlegget er ferdig og tilfredsstillende krava. Det er låg utbyggingsgrad av nye bustader i kommunen, og entreprenør- og byggenæringa slit med knappe marginar i dagens marknad, noko som fleire konkursar i bransjen tydeleg illustrerer. Dette vert også kostnadsdrivande for SVA AS som ikkje har høve til å påleggje nye potensielle abonnentar å kople seg på ny infrastruktur før sekundærreinsanlegget på Skjærsholmane er ferdigstilt og i drift. Miljømessig har saka lita eller inga betydning gitt våre gode respientilhøve. Kommunedirektøren vil, i lag med SVA AS, arbeide for at kommunen sine innbyggjarar og SVA AS slepp slik «dobbelstraff». Det viktige er å sikre framdrifta i prosessen med å tilfredsstillende reinsekrava. Ekstrakostnadene som per no vert lagt på innbyggjarar og SVA AS i utbyggingsfasen ved at ein ikkje kan kople på fleire abonnementar, framstår som lite samfunnsnyttige.

Plan- og bygningslova §5 har krav om å legge til rette for medverknad i planprosessar, med eit særskilt ansvar for å sikra aktiv medverknad frå grupper som treng tilrettelegging. Slik det går fram av planframlegget har denne planprosessen lagt vekt på å involvera offentlege mynde med sektoransvar. Med nokre unntak er andre interessentar og brukargrupper i liten grad involvert i utarbeiding av planen. Medverknaden er tenkt ivaretatt gjennom høyring/offentleg ettersyn og eitt fysisk eller digitalt folkemøte. Utifrå kommunedirektøren sitt syn er ikkje dette tilstrekkeleg tilrettelegging for ein plan som har store konsekvensar for alle innbyggjarane. Kommunedirektøren rår difor til at Stord VA AS i høyringsperioden orienterer i dei kommunale råda sine møte, og inviterer til dialog og innspel. Vidare bør det i detaljregulering og dispensasjonssøknadar leggjast vekt på å involvera foreldreutval, barnerepresentant, natur- og friluftsansjasjonar og andre brukarinteressentar tidleg i prosessen.

Interkommunalt samarbeid kan bidra til meir berekraftige tenester og tilbod. I KDP for avløp og vassmiljø blir dimensjonane på avløpsleidningane på strekninga Dyvik til Kappelen tilrettelagt for ei eventuell tilkopling av avløp frå Fitjar kommune. I følgje SVA har dette lite å seia for kostnadane. Kommunedirektøren støttar denne tilrettelegginga, og vil oppmoda SVA i å utforska ev. interkommunalt samarbeid vidare.

Økonomiske og administrative konsekvensar

- I høve til budsjett og økonomiplan: Framdrift og økonomi for reinse- og avløpsutbygginga må sjåast i samanheng med kommunedelplan for vassforsyning. Avløpssektoren skal vera sjølvfinansierande. Total investering i planperioden er 2028 mill. kroner +/- 40%, som skal finansierast ved avløpsgebyr, noko som betyr ein relativ stor auke i gebyra. Prognose for gebyra er vist i planen.
- I høve til drift og personell: Tiltaka i planen vil medføra ei rekkje reguleringsendringar og ev. dispensasjonssøknadar, noko som betyr auka press på arealforvaltninga sine ressursar. Det kan vera naudsynt å auka kapasiteten på prosjektleiing hos SVA AS for å følgja investeringstakten som er lagt til grunn i denne planen. Oppbemanning inngår i prosjektbudsjettet.

Konsekvensar for berekraftsmåla

- Korleis bidrar saka til å nå kommunen sine [folkehelsemål](#): Nytt reinseanlegg og trygg infrastruktur reduserer risiko for miljø- og helseproblem knytt til overløp og lekkasjar. Bättre reinsing og færre utslepp gir betre kvalitet i sjø og ferskvatn, som grunnlag for trygg sjømat og reint badevatn. Fornying av infrastruktur er førebyggjande arbeid som gjer lokalsamfunnet robust mot klima og forureining. Samtidig kan høge gebyr bidra til å svekka sosial berekraft gjennom auka sosiale skilnader. Nedbygging av natur og friområde kan redusera tilgjenge og

kvalitet på rekreasjonsareal, noko som kan ha negativ innverknad på trivsel og helse.

- Korleis bidrar saka til å nå kommunen sine [klima-/miljømål](#):
Planen inneheld klimarekneskap som viser korleis VA-sektoren skal bidra til reduksjon av klimagassar. Tiltaka i planen vil mellom anna bidra til reduserte klimagassutslepp frå drifta. Det er uvisst korleis føresegnene om energi i EUs reviderte avløpsdirektiv vil omsetjast til praktiske krav og vurderingar, mellom anna når det gjeld kva energi som skal inkluderast i eit energiregnskap. Ved Skjersholmane er det potensial for solceller på taket til reinseanlegget, samt energiproduksjon i form av biogass frå avløpsslammet og varmegjenvinning frå avløpsvatnet. Totalt er det estimert eit forbruk på 2,7 GWh ved Skjersholmane reinseanlegg, der 0,7 GWh kan dekkjast av varmegjenvinning og solceller på tak. Biogass og slamhandtering er planlagt å bli utgreia når nytt reinseanlegg er sett i drift.

Konsekvensar for beredskap:

Planen bidrar til å rigga kommunen for å takla flaum/ekstremnedbør. Eit robust og godt fungerande avløpssystem er eit viktig ledd i beredskapen.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at Kommunedelplan for avløp og vassmiljø vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn, og at det i den vidare prosessen blir lagt rette for brei medverknad.

Sak om pålegg om tilknytning til kommunalt leidningsnett vert greia ut av Stord Vatn og Avløp AS og lagt fram som eiga sak.

Plan for gjennomføring

Kommunestyret legg Kommunedelplan for avløp og vassmiljø ut til høyring og offentleg ettersyn. Stord VA AS gjer ei vurdering av innkomne merknader, oppdaterer planframlegget og legg revidert plan fram for vedtak i styret i SVA AS. Kommunedirektøren legg deretter planen fram for 2. gangs handsaming i Utval for byutvikling og endeleg vedtak i Kommunestyret.